NYE GAMLE MØBLER: *Espen Bratthammer og Yvonne Svendsen på The Burlington Arms er fornøyde med at de har fått tak i «nye» stilriktige møbler til puben. - Møblene er nesten 100 år gamle, forteller Bratthammer og Svendsen.* **FOTO: ØRNULF HOLEN**

Ompa-ompa-musikk og allsang på puben

I morgen inviterer The Burlington Arms i Skien til oktoberfest. - Her blir det et ni manns stort tyrolerorkester, ompa-ompa-musikk og jodling, sier Espen Bratthammer.

Den engelske puben The Burlington Arms i Hjellen i Skien vil ha to langbord i bakgården i anledning lørdagens oktoberfest.

- ØLKULTUR

- Jeg tror ikke det er noen som har gjort dette før her i Skien. Vi ser jo på øl som kultur, og selv om oktoberfest ikke er engelsk, så er det en viktig del av ølkulturen, sier Bratthammer på The Burlington Arms.

Han forteller at det er mye som skjer av kulturelle arrangementer utover høsten, både i deres pub og hos konkurrentene i samme område.

- Vi er inne i vår mest travle periode nå. Vi har startet med takeaway mat, og utover høsten har vi flere konserter og arrangementer. Onsdag 12. oktober har vi ølseminar, og fredag 14. oktober kommer Chim1 og Aleksander, som er populære hip-hop-artister. 27. oktober har vi et whiskey-seminar, hvor Chris Maile kommer. Han er landets fremste ekspert på whisky, sier Bratthammer, som legger til at de også har fått sin egen husmusikant, som vil spille hver første fredag i måneden.

- MYE SOM SKJER HER

- Folk må få øynene opp for at det å gå ut er mer enn flatfyll, og at en kan få mange kulturopplevelser. I området her ligger både Lundetangen pub, Bruket, La Bodega og Radio, så det er et bredt kulturliv her, påpeker Bratthammer.

■■ ØRNULF HOLEN
ornulf.holen@ta.no

Glade prisvinnere

- Det var godt vi var tilstede i salen. Dette var utrolig uventet, sier en svært glad bakmann i «Havresekken» Asgaut Bakken.

Sammen med makker, Eivind Kaasin mottok han nyskapningsprisen, Ragnarock-trollet under Folkemusikkens egen prisutdeling, Folkelarm i går kveld.

TROLL I ESKE

De holder «troll- i eske»-konserter, publikum vet ikke hvilke artister som skal opptre. Konsertene er sammensatt svært genrebredt. De er en gjeng med enormt pågangsmot som tør tenke å nytt.

- Dette er det «tøngste»trollet jeg har kjent noengang, sier Asgaut Bakken på ekte Bøgrend-dialekt før han fortsetter.

- Jeg er satt ut. Jeg og kona var ikke engang sikker på hvem av oss som kom til å dra hit. Dette er veldig moro, sier han.

- Hvorfor er det moro?

- Det viser at det går an å tenke nytt. Det går an å fokusere beinhard på kvalitet i alle ledd. Det tror jeg publikum setter pris på det. Vi har også høstet respons fra mange miljø. Tilbakemeldingen er at folk får et annet forhold til folkemusikk, sier Dalenkaren, Eivind Kaasin.

Men det var flere telemarkinger som slapp å gå tomhendt hjem i går kveld. Saulandskvinnen Anne Hytta vant pris i solo-klassen sammen med Synnøve S. Bjørset og Åse Teigland i gruppa Dei beste damene. Det var imidlertid kun et av triomedlemmene, Synnøve S. Bjørset, som var tilstede på Riksscenen i går kveld.

- Jeg skulle hilse fra Anne og si «æda-bæda, sa hun ironisk, og forklarte i etterkant til TA at kommentaren var ment som en spøk. Anne Hytta er nemlig en svært beskjeden dame.

Anne Hytta startet å spille hardingfele allerede i en alder av 11 år, og har gått i lære hos både Knut Buen og avdøde Einar Løndal. I tillegg til å jobbe med egne soloprosjekt, har hun arbeidet med tradisjonsmusikere fra nær sagt hele verden.

FLERE TELEMARKINGER

Anders Røine, som bor i Bø i Telemark, var nominert i åpen klasse sammen med Elisabeth Vatn, Elisabeth Holmertz og Harald Skullerud for albumet Stave Church Songs-Martured Saints and Sister bells. Per Anders Buen Garnås var nominert i solo-klassen for albumet «Seljord- anno 1935».

På plata tar den dobbeltvinnende norgesmesteren i hardingfele et nærmere blikk på hvordan det, med hardingfela som følgesvenn, var å komme til Seljord i 1935.

■■ KIRSTI CARR

VANT PRIS: *Asgaut Bakken og Eivind Kaasin fra henholdsvis Bøgrend og Dalen vant i går kveld nyskapningsprisen Ragnarock-trollet for «Havresekken under Folkelarm i går kveld.* **FOTO: KIRSTI CARR**

GOD STEMNING: *Med vakker musikk og artige historier mellom innslagene, sørget Knut Buen og ekteparet Sundsvalen for en harmonisk kveld.* **FOTO: STINE SOLBAKKEN**

Klangfull kirkekveld

Rundt 100 publikummere fikk oppleve klassiske perler, diktlesning, Knut Buens fortellerkunst og folkemusikk i Gulset kirke i går kveld. Kulturkomiteen i bydelskirken arrangerer kulturkveld den siste torsdagen i måneden. I går inviterte menigheten til et mestermøte mellom fele og flygel.

FOLKEMUSIKK

Knut Buen fremførte amerikansk, skotsk og norsk folkemusikk sammen med Øyvind Sundsvalen fra Sauherad og hans amerikanske kone, Josephine Sandsvalen.

Som forventet fortalte Knut Buen gode historier før hvert innslag til de fremmøttes humrende glede.

UHØYTIDELIG

Publikum fikk høre to versjoner av flere slåtter, der Knut Buen tok versjonen for hardingfele og Øyvind Sundsvalen fulgte etter med klaverversjonen.

- Slik er det å spille med gamlinger, konkluderte Buen da han surret med rekkefølgen av innslagene, men han forsikret at han ikke skulle fortelle historien bak Myllargutens bruremarsj en gang til. I stedet tok han historien bak «Røtnamsknut», slåsskjempen som presten måtte hamle opp med. Da han ble kastet ut av et lokale, skal han ha tatt med seg dørkarmen og allting.

- Derfor la Grieg inn en passasje i moll, tolket Buen om slåttens historie.

Organist i Gulset kirke, Odd Jakobsen, var veldig fornøyd med oppmøtet på en torsdagskveld. I oktober er det Karsten Isaksen som sørger for innholdet i den månedlige kulturkvelden.

Fru Borkman, der gives magter i menneskelivet som De ikke synes at kende synderlig til.

Fru Wilton i «John Gabriel Borkman»

I SKUDDET: Eivind Kaasin fra Dalen og resten av gjengen bak Havresekken er i skuddet. FOTO: KNUT AASTAD BRÅTEN

Priset for nyskaping

Eivind Kaasin fra Dalen og konsertkonseptet Havresekken vant pris for nyskaping under Folkelarm nylig. Havregryn er viktig del av konseptet.

Kari Gisholt
kari.gisholt@varden.no

SKIEN Havresekken arrangerer nemlig «hemmelige» troll-i eske konserter på steder du ikke vet om.

På vei ut får publikum en sleiv med havregryn som de heller i krukker med navnene på artister de har hørt. Honoraret fordeles etter hvem som har fått mest havregryn.

– Det fordeler seg som regel jevnt, forsikrer Eivind, men opplegget skaper engasjement. Vi merker at folk lytter og blir entusiastiske.

GRYN: Med havregryn sier publikum fra om hvem de liker på konsertene. FOTO: EIVIND KAASIN

45 artister

Havresekken, som har eksistert i rundt halvannet år, har i løpet av tiden presentert 45 ulike artister på steder «du ikke skulle tru», nedlagte togstasjoner, menighetshus, brune puber og turistforeningshytter, alt i Oslo-området. Opplegget flytter fra sted til sted og går aldri tilbake til samme spillested. På enkelte kvelder reiser man rundt.

– Vi prøver å lage hele kvelder slik at publikum skal få en annerledes opplevelse.

– Og artistene, hvem er de?

– Alle mulige. De du minst venter eller har hørt om. Alt fra metallgrupper til samtidsmusikere. Poenget er at publikum skal bli overrasket.

– Og publikum er ungt?

– Ja, for det meste, kan du si. Nysgjerrige. Fordi vi gir noen pekepinn om musikken kommer det gjerne fans.

Bøgrend

I Telemark står Havresekken for Bøgrend Autofest.

– Blir det autofest til neste år?

– Vi jobber mot det. Folk kan tro det ligger mye penger å tjene, men det stemmer ikke. Mange stiller opp på dugnad, gjør en kjempeinnsats, men i år gikk vi på et underskudd på 15.000 kroner, så alt er ikke bare lett.

Pris

– Og du er sjef?

– Styreleder, men vi er en stor gjeng med flat struktur.

– Og tidenes første Ragnarocktrollet-pris fikk dere på siste Folkelarm?

– Ja, skikkelig gjevt. Vi fikk den for nyskaping og grenseoverskriding.

Russell Brand nektet i Canada

Russell Brand (bildet, med kona Katy Perry) slapp ikke inn i Canada og måtte avlyse en opptreden med 5.000 tilskuere. Den britiske komikeren og skuespilleren har en bakgrunn med dopbruk og har vært arrestert 12 ganger for alt fra blotting til skadeverk.

«Hjelp! Jeg kommer til å bli forsinket til Casino Rama-showet med mindre noen kan tvinge canadisk grensekontroll til å la oss lande», skrev Brand på Twitter. Litt senere måtte han bare beklage at han ikke fikk innreise.

Britney leter etter hjemløs

Britney Spears (bildet) tar Twitter i bruk for å finne en hjemløs mann som er storfan av henne. Mannen ble fotografert mens han tigget – med en plakat der det stod «Trenger å kjøpe den nye Britney Spears-platen. Alt vil hjelpe. Velsigne dere». På Twitter skriver hun: «Hvis noen kan finne denne herren, så har jeg en pakke med alle utgivelsene til ham».

Love skriver selvbiografi

Hole-sangeren og Kurt Cobain-enken Courtney Love (bildet) har bestemt seg for å skrive bok om sitt stormfulle liv. Den ventes å komme i bokhandelen mot slutten av 2012. I boken er tanken at Love skal fortelle både om ekteskapet med Nirvana-ikonet Kurt Cobain – samt om relasjonen til datteren deres, Frances Bean Cobain. Hun skal også angivelig skrive om hva som egentlig er sannheten rundt hennes rusvaner.

Lokalavisa for Seljord - Kviteseid - Nissedal - Fyresdal - Tokke - Vinje

Vest-Telemark blad

Telemarks største lokalavis • Nr. 87 • 39. årgang • Tysdag 9. august 2011 • www.vtb.no • Kr 15,-

God stemning: *Til saman var 1100 innanfor portane i løpet av dei tri festivaldagane på den nedlagde bensinstasjonen i Bøgrend. Stemninga stod i taket i det intime konsertlokalet, der mellom andre El Cuero stod på scena. (Foto: Gjermund Midtbø)*

Autofest til terningkast seks

I det andre leveåret leverte Bøgrend Autofest nok ein glimrande festival med mange minneverdige konsertar. Arrangørane har likevel ingen planer om å utvide festivalen.

– Bøgrend Autofest skal vere ein intim og eksklusiv festival, seier ein av arrangørane, Eivind Kaasin.

Side 2 og 3

Nesten 12.000 på Treungenfestivalen

Side 6 og 7

Regnet gav turistnedgang *Side 8*

Marknadsliv ved Nisser *Side 5*

Golftalent i landsfinale *Side 10*

Lysningar på e-post:
annonse@vtb.no

Noko som skjer?
tips VTB
tlf. 35 06 88 00/913 93 641
redaksjon@vtb.no

Slått i ansiktet

Ein Treungenfestival-deltakar i slutten av 30-åra frå nabokommunen kontakta politiet fredag ein time før midnatt. Mannen hadde blitt slått i ansiktet, og hadde fått kutt og nokre lause tenner. Det låg ikkje føre opplysningar om gjerningspersonen, men politiet oppretta melding.

Trafikkulykke

Laurdag ettermiddag kolliderte to bilar på E 134 ved Bøgrend i Vinje kommune. Ambulanse, brannvesen og politi kom til staden. Den 51 år gamle mannlege føraren av eine bilen hadde skader i rygg, nakke og mage, og blei frakta med luftambulanse til Sjukehuset Telemark.

God festivalstemning

Politivaktene på Treungenfestivalen melder om god stemning under arrangementet der det bare var nokre mindre forhold å ta seg av. Småknuffing blei ordna på staden, to campingvogner blei velta og det blei stole eitt kjennemerke frå ein politibil.

Mogleg tjuvgods

Tidleg sundag morgon stoppa ein politipatrulje i Vinje ein litauisk bil for kontroll. Doningen var full av kopar, og funn på staden tyder på at det kan vere tjuvgods. Fire personar frå Litauen blei pågripne og sett i varetekt.

Aktuelt

Autofest med musikalske sprang

Bøgrend Autofest må ha eit av dei mest varierte programma i festival-Noreg. Laurdag kveld gjekk ein frå elektronika, langeleikspel, pop, underhaldande trekkspel og fiolinspel til meir hardbarka indierock og countryrock på den nedlagde bensinstasjonen i Bøgrend.

VTB Gjermund Midtbø
redaksjon@vtb.no

Fredag kveld var 350 publikummarar innanfor dørene på det vesle festivalområdet i Bøgrend. Den populære visesongaren Stein Torleif Bjella spelte då for ein fullstappa vaskehall og sa dette om autofesten:

– Viss eg nokon gong skal spele i helsetrøye, skal det vere på ein nedlagt bensinstasjon.

Musikalske sprang

Laurdag kveld opna festivalen med underhaldning og bingospel frå sjølvaste Bingokongen, før konsertane tok til. Elektronika/pop duoen «Ontz» opna kvelden, før det blei eit musikalsk sprang til ein duo i ein heilt annan sjanger. «Sudan Dudan» består av Marit Karlberg og Anders E. Røine og brukar mellom anna langeleik i den tradisjonsrike folkemusikken sin. Dei musikalske spranga fortsette resten av kvelden, og popmusikkens representant var songaren omtalt som Mjøsas nye stjerne, Frida Ånnevik. På Bøgrend Autofest kan du risikere å høyre artistar før dei blir stjerner. Dette kan vere seg tilfelle med unge Frida Ånnevik. Med gode tekstar og ei spesiell særeigen stemme imponerte ho publikum og skrudde stemninga eit par hakk opp. Hamar-jenta som syng på dialekt kjem ein garantert til å høre mykje om i framtida, og autofestpublikummet kan skryte av å ha sett ho før ho nådde stjernehimmelen.

Komande stjerne: *Hamarjenta Frida Ånnevik viste med gode tekstar og særeigen stemme at ho kan bli Mjøsas neste store artist.*

Sprø og humoristisk musikk

Den nemnte stemninga i bensinstasjonslokala nådde nye høgder då Stian Carstensen, Ola Kvernberg og Ole Morten Vågan i gruppa «Gammalgrass» overtok scena. Med trekkspel, fiolin og ikkje minst humoristiske tekstar og anekdotar fekk dei med seg publikum frå fyrste stund. Latteren trilla blant dei mange frammøtte og atmosfæren var ingenting anna enn god. Stian Carstensen brukte mellom anna heimstaden Eidsvold i mange av historiene og bygdeskrønene han serverte festivalfolket.

Mørket senka seg etter kvart i Bøgrend og det gamle bensinstasjonskiltet blei tent. Musikken blei også litt hardare og tyngre, då indierockarane frå Bodø tok til å spele. Dei tri vokalistane i Kråkesølv rocka verkeleg frå seg, og fekk etter kvart publikum bokstavleg talt til å slå ut håret.

– Viss de har langt hår er de nøydd til å bruke det i denne songen, oppfordra vokalist og gitarist Petter Waldemar Nohr Unstad.

Kristiansundsbandet El Cuero fortsette i litt av den same gata, og kallar seg sjølv for landevegsrockarar. Bandet har fått strålande kritikkar på sitt nyaste album «From mountains to sand» og det verka ikkje som publikum gav noko dårlegare respons.

Vil ikkje bli større

Festivalarrangør Asgaut Bakken kunne ikkje seie seg anna enn fornøgd då historias andre utgåve av Bøgrend Autofest var unnagjord.

– Me er veldig fornøgde, det meste gjekk etter planen, artistane leverte strålande konsertar og me hadde ikkje noko bråk, fortel Bakken.

Han kan fortelje at publikumstalet auka frå 350 på fredagskvelden til 400 laurdag, noko dei er godt fornøgde med.

– Denne festivalen skal vere litt eksklusiv, og me har ikkje noko planar om å gjere den større. I år har me utvida festivalområde så mykje som det er mogleg, og har også tiltrekt oss ein del fleire tilskodarar. Men no er taket nådd. Bøgrend Autofest skal vere ein intim og liten festival, slår medarrangør Eivind Kaasin frå Dalen fast.

Arrangørane fortel at dei er svært bevisste på kva slags band dei bookar til autofesten.

– Me vil ikkje at festivalen skal vere sjangerbestemt, og hentar bevisst inn veldig forskjellige artistar. Uttrykka skal vere ulike og folk skal merke overgangane mellom konsertane. På Bøgrend Autofest skal ein høyre musikk ein ikkje visste ein lika på ein plass ein ikkje visste ville trivst, seier Kaasin om festivalens «motto».

Festivalbil: *Festivaldeltakarane i Bøgrend hadde moglegheit til å måle festivalbilen laurdag. Her er det Ingrid Kristine Aspli som har tatt fram målekosten.*

Lekkasje frå tank

Sundag ettermiddag kom det melding om lekkasje av diesel frå frittståande tank ved Fjellstad på vestsida av Vågslidvatnet. Eigar av tanken opplyste at natt til 4. august hadde det vore tjuveri av diesel frå tanken, derfor var det kome ut drivstoff.

Brannvesenet la ut lenser for å avgrense tilsig av diesel til nærliggjande bekk og Vågslidvatnet. Truleg rann det ut mellom 200 og 300 liter diesel.

Napuren og Fjukopp

Jon Ingebretsen viser til merknad frå Sigmund Nærum om Fjukopp og Napuren i laurdagsavisa. Ingebretsen fortel at han stolar meir på lokalkjende folk, i dette tilfelle Olav Bakken i Vråliosen og Bandaksli, enn på Sigmund Nærums referanse til Statens kartverk.

– Eigentleg tek me litt feil båe to, slår Jon Ingebretsen fast, og forklarar:

– Napuren er det høgste fjellet i Fyresdal, som kommunen deler med Tokke og Valle kommunar. Fjukopp er ingen fjelltopp, men ein gamal og attgrodd støyl i bjørkeskogen ovanfor Kuskardstøylen. Rett opp for Fjukopp, på sørsida av sjølve Kuskardet, ligg ein framskoten fjellrygg, nærast i forlenginga austover av Napurenområdet, som heiter Fjukoppnuten. Den større Kuskardstøylen og den noko mindre Fjukoppstøylen hadde truleg meir og mindre felles støylsdrift. Støylsfolka på Kurskadstøylen måtte derfor «fjuke opp» dvs. skunde seg eller fluge opp til Fjukoppstøylen for å sjå til buskapen, eventuelt mjølke kyrne der oppe.

– Fabelaktig opplegg

Kråkesølvkvartetten var strålande fornøgd med Bøgrend Autofest på alle måtar.

VTB Gjermund Midtbø
redaksjon@vtb.no

Bodøbandet Kråkesølv var ein av dei store headlinarane til årets Autofest, og dei spelemannprisvinnande indierockarane skuffa ikkje. Dei spelte ein forrykande konsert som verkeleg fekk publikum i stemning. Før konsertstart meinte gutane at alt låg til rette for at Bøgrend Autofest kunne bli eit av sommarens store høgdepunkt.

God lyd

Bodøværingane kom til Vinje rett frå Eikerapen i Åseral, der dei spelte fredag kveld. Men det var ikkje berre lett å finne vegen til den nedlagde bensinstasjonen fortel dei. Ein tur som eigentleg skulle ta 3,5 timar, blei til slutt på 5 timar.

– Me har nok vore for lite her i området, for det blei ein lang omveg. Men i tretida i natt kom me til slutt fram, smiler dei.

Gutane blei innlosjera i ei stor hytte på Mjonøy, og skryter stort av mottakinga dei har fått.

– Heilt frå me kom har arrangørane vist å ha eit fantastisk opplegg. Det er moro å sjå kor kreative dei er og kor mykje dei har fått til på ein så liten plass, seier ein av vokalistane i bandet.

Bandet har vore land og strand rundt i Noreg i sommar, og neste veke står dei på scena i Middelalderparken i Oslo, på den store Øya-festivalen. Kontrastane er store frå ein nedlagd bensinstasjon i ei lita grend i Vinje, til ein av landets største festivalar i hovudstaden. Men Kråkesølvgutane synest både lyden og scenen på Bøgrend Autofest var spesielt bra.

– Akustikken er faktisk veldig god her inne, og ein kjem tett på publikum. Ein veldig intim scene, slår Fredrik William Olsen fast.

– Også er det jo utruleg fint her oppe, legg Kristoffer Magnus Nohr Unstad til.

Maten fekk også stor skryt av gutane i Kråkesølv. Turbobudeie Bodil Nordjore og Øystein Løvlie stod for den kulinariske delen av festivalen, og kunne mellom anna tilby grønsakssuppe, jordeplestappe og steinomnsbakt pizza.

– I tillegg var bingo med bingokongen veldig moro. Han kan gjerne vere med oss på turné, avsluttar trommis Thomas Litangen.

Bodøkvartett: *Unggutane i Kråkesølv lika seg godt i Bøgrend, og syntest festivalopplegget var fabelaktig på alle måtar.*

Kva er det beste med Bøgrend autofest?

Bibbi Tveito, 56, Vinje
– Nå har eg vore her litt kvar kveld, og eg synest musikken har vore veldig god. Spesielt Stein Torleif Bjella i går og Jonas Alaska på torsdag imponerte meg veldig. I tillegg må eg få lov til å skryte av dei fantastiske arrangørane.

Mari Skeie Ljones, 29, Lillehammer
– Ei god blanding av folka og musikken.

Tore Rydland, 32, Oslo
– Det må vere at det ikkje er ein bestemt sjanger på musikken her, men så utruleg variert og god musikk.

Håvard Hannaberg, 33, Oslo
– Den gode miksen av det intime og kvaliteten på det meste på festivalen.

Friskt møte

mellom Telemark og Vestlandet

Per Anders Buen Garnås frå Bø og Frank Henrik Rolland frå Hardanger debuterte med felleskonsert i går. Det var også første gong at dei varma opp for eit hardrockband av eit stort kaliber.

Det var ein lett og ledig tone dei to spelemennene i mellom, då dei entra scena i smørevekstaden på Bøgrend Auto i går kveld. Storspelemennene som har kjent kvarandre i ei årrekkje, spela for første gong saman i konsert.

FØLGDE OPP DEN ANDRE

Med kvar si fele på to ulike stille, presenterte dei to eit utval kvar, høvevis frå Telemark og Hardanger, der tradisjonsvekslinga stod sentralt. Buen Garnås opna friskt med «Sandsdalsspringaren», som Rolland svarte med ein ikkje mindre livleg «Rudl på nedstilt». Deretter stod nok ein friskus for tur, hallingen «Klunkaren», som Rolland gav respons til med «Springar frå Sørfjorden». Så var det tid for spelet som sauheringen Lars Fykerud er mannen bak.

- Han hadde eit slikt absolutt gemytt, som det heiter, mannen som levde så veldig når han levde. Han blei bare 42 år, men til gjengjeld vart det 42 innhaldsrike år. Han var fleire år i Amerika, der han i løpet av ein konsert, omrekna til dagens valuta, tente like mykje som David Bowie gjer i dag. Men det Fykerud klarte, som ikkje Bowie klarar, var å drikke bort absolutt alt. Det var ei skikkeleg rockestjerne det!, smilte spelemannen, før han presenterte storslåtten «Fjellrosa» med stor innleving.

Rolland leverte deretter ein stemningsfull «Brureslått frå Hardanger», før Per Anders Buen Garnås avslutta «tivoliet», som han kalla det, med den alltid like imponerande «Rjukanfossen».

VARMA OPP

Med dette hadde dei to spelemennene varma opp for hardrockbandet «Deathcrush».

- Det er det som er så fint med Bøgrend Autofest. Det er så mykje forskjellig. Og veldig fordomsfritt, påpeika Per Anders Buen Garnås etter konserten. Han gler seg stort over festivalens sjangerblanding.

- Det er alltid masse positive overraskingar, la han til, ventande på elektonika-admiralen, «Captain credible», Stein Torleif Bjella, med vonde viser frå Ål, reggaebandet «Bitu and The Bandits» og DJ Twirl, som spelar sære plater. Denne musikkentusiasmen ber ikkje spelemannen aleine.

VIKTIG FOR BYGDA

Kvartetten Helga Kaasin, frå Dalen, Evelyn og Christoffer Utigard, frå Byrte og Annbjørg Tovsrud er samde om at Bøgrend Autofest har ein viktig funksjon.

- Det er i ferd med å blir ein årleg samlingsstad, og det er veldig flott, seier dei, om bygda som til vanleg husar 70 fastbuande.

- Det blir noko heilt anna. God bygderekruttering er det også, smiler dei samstemte og ser fram til flire høgdepunkt.

- Bingokongen på laurdag blir fint! Elles er det tett mellom godbitane, hevdar dei, og meiner bestemt at festivalen er komen for å bli.

■■ INGEBJØRG BØ
ingebjorg.bo@ta.no

VONDE VISUR: *Stein Torkleif Bjella baud på vonde visur frå Ål.* FOTO: INGEBJØRG BØ

VIKTIG: *Bøgrend Autofest er ein viktig miljøskapar, hevdar Helga Kaasin (t.v.) Evelyn Utigard, Annbjørg Tovsrud og Christoffer Utigard.*

FØRSTE GONG: *Det var første felleskonsert for spelemennene Per Anders Buen Garnås (t.v.) og Frank Henrik Rolland i går.*

Fra Helbillies til festspeldikter 2012

VOLDA Arne Moslåtten i Hellbillies (bildet) blir festspeldikter under Dei nynorska festspela 2012.

– Jeg ser på dette som en stor ære, sier Moslåtten.

Han er den 19. forfatteren som får denne æren. Dei nynorske festspela 2012 blir arrangert i Ørsta og Volda fra torsdag 28. juni til søndag 1. juli, med Ivar Aasen-tunet som hovedarena.

– Med Moslåtten som festspeldikter gir vi sanglyrikken den plassen denne dikte- og brukskunsten fortjener i norsk litteratur, sier programansvarlig Åshild Widerøe.

Har fått ny London-rolle

OSLO Den norske musikalstjernen Lisa Stokke skal spill hovedrollen i «The Baker's Wife».

– Jeg er veldig fornøyd med å jobbe i London igjen. Det er jo her jeg bor, og det er viktig å bli sett av alle i bransjen, sier Lisa Stokke. – Det er en kjærlighetshistorie om en kvinne som har giftet seg med en mann hun egentlig ikke elsker fordi den hun egentlig elsker allerede er gift. Så blir hun forført av en annen ung mann, og stikker av. Men så innser hun at det hun hadde med bakeren var ekte kjærlighet.

tta med trøkk

POPULÆRT: Kråkesølv fra Nordland var et populært innslag på Bøgrendfestivalen. BEGGE FOTO: ANNE VESAAS

Tre festdager i Bøgrend

I helgen ble det satt sluttstrek for tre festdager i Bøgrend.

Arve Moen
arve.moen@varden.no

BØGREND Den andre utgaven av Bøgrend Autofest hadde samlet nærmere 1100 tilskuere, noe som var rundt 400 mennesker mer enn i fjor.

– Nå hadde vi utvidet med en dag denne gangen, forteller festgeneral Asgaut Bakken til Varden.

– I disse tre dagene har vi hatt all slags vær, men det har ikke lagt noen demper på feststemningen.

Markering

I likhet med mange andre steder i landet innledet også arrangøren i Bøgrend med en markering av de tragiske hendelsene i Oslo og på Utøya. Ordfører i Vinje Arne Vinje talte og Ingebjørg Harman Bratland holdt en konsert.

– At Ingebjørg kom og sang var en av overraskelsene i årets festival, fortsetter Bakken.

– Det som er det morsomme med vår festival er at den tydeligvis er blitt kjent utenfor Vinjes grenser. Jeg fikk mange mailer fra ulike management med forespørsel om opptreden av ulike band. Nå fikk vi besøk av Kråkesølv fra Nordland. Britiske Daniel Eugene Lacey-McDermot, bedre kjent som Captain Credible, hadde jeg ingen kjennskap til.

Knallstart

– Vi fikk en knallstart torsdag med Unni Boksasp, Stian Westerhus og Jonas Alaska. Fredag fortsatte det med Per Anders Buen Garnås, Frank H. Rollan, Deathcrush, Captain Credible, Stein Torleif Bjella, og Bitu & The Bandits. På avslutningsdagen gjorde Ontz, Sudan Dudan, Frida Ånnevik, Gammalgrass, Kråkesølv og El Cuero en solid innsats.

– Hva med neste år?

– Fra å ha utviklet seg til fra en lokal dugnad til å bli en nasjonal musikkfest gir det nok lav odds på hvorvidt det blir en ny autofest eller ikke. Vi trenger nok noen uker til avslapning før vi tar den avgjørelsen, men det frister i hvert fall til å ønske velkommen tilbake om et år, avslutter Asgaut Bakken.

STEMNING: Stemningen sto i taket i tre dager i Bøgrend.

SAMSPEL: *Ingebjørg Harman Bratland og Knut Tore Bratland stod for innhaldet i minnekonserten som opna Bøgrend Autofest i går.* **FOTO: INGEBJØRG BØ**

Festivalopning

som varma

Kring 300 festivaldeltakarar fekk med seg festivalopninga til Bøgrend Autofest i går, der minnekonsert etter terrorangrepet i Oslo og på Utøya prega.

Medan ordførar Arne Vinje heldt appell og innleidde den kring timen lange minnekonserten, delte publikum fellesskapet og ein lun intimkonsert ført i tonane av Ingebjørg Harman Bratland og Knut Tore Bratland.

DEL MUSIKKEN

Ordføraren oppmoda vidare festivaldeltakarane til å utnytte helga til å dele musikk og samhald.

- Eg er så glad for at festivalen valde å gjennomføre. Nytt høvet til å vere saman og dele musikken, uttalte han, og meinte få kunne gjere seg sjølve betre enn å lytte til Ingebjørg Harman Bratland i slik ei stund.

- Det har blitt sunge og sagt så mykje vetugt om sorg den siste tida, uttalte han, og viste til den uforståelege meiningsløysa fann stad i Noreg 22. juli.

URFRAMFØRING HEIME

Med velvalde ord i minnet vart det eit ekstra varmt møte når Vinjes eiga gullstrupe, Ingebjørg Harman Bratland, entra scena saman med tremenningen sin, Knut Tore Bratland, og to gitarar. Forsiktig opna ho med visa «Ved Rondane».

- Eg tenkte de ville like at eg starta med denne, sa ho med eit smil og helt fram med den irske songen «Jacob's Dream».

Det var ei triveleg og uformell stemning den vesle konserttimen gjennom, der Bratland gav fleire smakebitar av det omfangsrike visematerialet sitt, dei aller fleste, for hennar del, for første gong framført for eit publikum. Odd Nordstogas «Bie på veg» vart deretter presentert, etterfølgd av urframføringa «Stille steg».

- Teksten er skriven av Hilde Myklebust og eg har prøvd meg som komponist. Det er så fint å få prøve ut slikt noko på dykk her heime. De vil meg jo ikkje noko vondt, sa Harman Bratland med ei tilfreds mine.

Vidare vart det bånesullar, rolege duettar og gitsarspel i fellesskap.

GODT NØGDE

Med kring 300 festivalgjester på den nedlagde bensinstasjonen i Bøgrend i Vinje, i bygda som til dagleg husar 70 personar, var festivalsjef Asgaut Bakken godt nøgd opningsdagen.

- Eg trur dette blir veldig moro, og eg veit me får høyre veldig mykje god musikk saman, strålte han.

■■ INGEBJØRG BØ
ingebjorg.bo@ta.no

NØGDE: *Festivalsjef Asgaut Bakken og medarrangør, Silje Hegg, var i god tru på festivalens opningsdag.*

KONSERT

Åpningskonsert

HVOR: Bøgrend Autofest
MED: Ingebjørg Harman Bratland og Knut Tore Bratland
PUBLIKUM: 300

VENDØLER: *«Halve» Vennesla reiser på Treungenfestivalen. Vendølene har til og med fått en egen del av campingplassen oppkalt etter seg.*
FOTO: KIRSTI CARR

- Treungenfestivalen er sinnsykt bra!

I går braket det løs med festival i Treungen. Vestfoldbandet Plumbo fikk æren av å åpne showet i 18.00-tida. Deretter gikk det slag i slag, med Keith Austin, hovedattraksjonen Kim Larsen, Hellbillies og Torgeir og Kjendisene, på festivalens første dag.

Men som ved andre festivaler er det sosiale like viktig som det musikalske, skal vi tro en del av festivalpublikummet. Og mens det myldrer av festivaltilbud, er ikke folk fra Vennesla i tvil: de skal på Treungenfestivalen.

- Treungenfestivalen er sinnsykt bra. Vi må jo hit. Alle er jo her. Det er her vi treffer kjentfolk, sier Marthe Almedahl.

Og ungjenta vet hva hun snakker om. Hvert år velger nemlig «halve» Vennesla å besøke festivalen. Og så mange er vendølene i antall, at en del av campingplassen er oppkalt etter dem. På «Vennesla-campen» er den særegne dialekten med rullende r, mer enn hørbar. Da TA stikker innom er det hevet over tvil at venneslafolket føler at de blir godt mottatt i Treungen.

SUPERLATIVER

Det er femte gangen gjengen besøker festivalen, og ungdommene er ikke i tvil om hvorfor de i mylderet av festivaler, akkurat velger Treungenfestivalen.

- Det er like god stemning hver gang vi er her. Her er det alle typer mennesker, sier Karina Tverå.

Beskrivelser som god musikk, gode forhold på campen, og nærhet mellom festivalledelsen og publikum, går igjen.

Og den gode stemningen er svært merkbar. Kjente og ukjente smiler, nikker og slår av en prat.

- Det er jo supersosialt. Her er det umulig å ikke bli kjent med noen. Når man går forbi et telt, blir glasset hevet! Skål, og vi er kjent, sier Vegard Åsan Knutsen - før han titter bort på en kar han har hilst på kun minutter tidligere.

- Er ikke vi gode venner nå da?

■■ KIRSTI CARR

Nissedøl avdelingsdirektør

Kirsten Frønæs (35) frå Nissedal er tilsett som avdelingsdirektør i Hedmark fylkesmuseum, avdeling Nordøsterdalsmuseet. Ho har vore tilsett som konservator ved Nordøsterdalsmuseet sidan mars 2010, og blei konstituert avdelingsdirektør frå mai i år.

Frønæs er utdanna cand. philol. i etnologi frå Universitetet i Oslo. Nissedølen har mellom anna hatt fleire stillingar ved Oslo museum, og hatt ansvaret for ei bedriftshistorisk utstilling ved Aker Solutions hovudkvarter på Fornebu.

Administrerande direktør i Hedmark fylkesmuseum, Harald Jacobsen, uttalte fylgjande då Frønæs tidlegare i år blei konstituert avdelingsdirektør: «Frønæs har ei solid utdanning og er svært kunnskapsrik. Ho har på kort tid sett seg veldig godt inn i Nordøsterdalsmuseet. Eg er sikker på at ho vil leie museet på ein god måte og bidra til utviklinga av Hedmark fylkesmuseum».

Direktør: *Kirsten Frønæs frå Nissedal. (Foto: Per Arne Tollefshagen, Hedmark fylkesmuseum)*

6.866 dekar i drift

I 2010 var det totalt 6.866 dekar jordbruksareal i drift i Fyresdal kommune, og det er nesten 2.000 dekar færre enn for ti år sidan.

Det var 41 søknader om å få produksjonstilskot i fjor. Talet på bruk med sau var ved nyttår 16, ein nedgang på 18 frå 2000. Tal på bruk med mjølk var 5 og talet på kyr ved utgangen av juli 2010 var 117.

Aktuelt

Sterk autofestopning

Både opninga og avslutninga av opningsdagen på Bøgrend autofest markerte hendingane på Utøya og i Oslo.

VTB Randi Berdal Hagen
randi@vtb.no

***Den nye store?:** Jonas Alaska fekk mange nye tilhengjarar etter konserten i Bøgrend torsdag.*

I samband med hendingane på Utøya og i Oslo avgjorde festivalgjengen i Bøgrend at dei ville gjere om på planane for opningsdagen. Dei opna portane for alle som ville, og let dermed både gamle og unge ta del i minnemarkeringa og resten av det opphavlege programmet.

Ordførar Arne Vinje opna med ei tale der han uttrykte respekt og medkjensle for ofra og dei etterlatne, samtidig som han understreka verdien av humanisme og toleranse.

– Her i Vinje står me for noko av det gjerningsmannen forakta mest – mangfald og det me kallar ein fargerik fellesskap, sa ordføraren.

Han la vekt på Bøgrend Autofest som ein god ambassadør for mangfaldet.

– Det å verdsetje ulikskap er også noko av kjernen i Bøgrend Autofest. Her er ei salig blanding av musikk og ulike menneske. Dei har føtene godt planta i Bøgrend, eit kjerneområde for folkemusikken, medan dei samstundes viser at ein ikkje treng å gje slepp på tradisjonane sjølv om ein blandar inn nye impulsar.

Ekstrem variasjon

Den fyrste autofestkvelden levde i aller høgste grad opp til forventningane om ei mangfaldig musikkoppleving. Fyrst ut var Ingebjørg Harman Bratland og trimenningen Knut Tore Bratland med ein vakker minnekonsert.

Gitarist Stian Westerhus var den fyrste frå det opphavlege programmet som stod på scena, og det var nok mange som fekk seg ei overrasking då han vrengte i gang. Westerhus, som laga tinginsverket til Moldejazz 2011, har ein annleis måte å bruke gitaren på enn det ein er vane med. Arrangørane hadde gjeve han sjangerskildringa «jazz/støy», og mange sette pris på å få røska litt opp i øyregangane og høyre noko dei aldri hadde høyrd før.

Ny stjerne

Etter at kvedar og dobbel landskappleikvinnar Unni Boksasp hadde vore på scena etter Westerhus, var det klart for Noregs nye stjerneskot Jonas Alaska. Ungguten frå Åmli hadde publikum med seg frå fyrste sekund. Med triveleg agderdialekt og mykje humor og alvor sjarmerte han seg inn i autofestaranes hjarte. Han blir karakterisert som den nye Dylan, noko han ikkje gjorde til skamme under konserten i Bøgrend.

Både veljarar som verdset billig bensin og adrenalinjunkiear måtte finne seg i å bli offer for humoren i songtekstane hans, til stor glede for publikum. Men alvoret var heller ikkje langt unna. Fleire av tekstane handla om vonde ting i livet, skildra i ein var, men likevel rett fram og lettfatteleg tone.

Tårene rann blant fleire i publikum då han avslutta konserten med songen han har skrive til dei etterlatne etter Utøyatragedien, «Wrote a song for you». Inntektene frå salet av denne låta donerar han rett til Røde Kors.

– Så den bør de kjøpe anten de likar han eller ikkje, meinte Jonas, som blei klappa inn att av fleire hundre nye fans i Bøgrend etter avslutta konsert.

Godt rykte

Arrangør Eivind Kaasin var svært nøgd etter Autofestens fyrste dag.

– Det beste her er stemninga blant publikum, og at folk tek i bruk området. I går var her berre ein tom hall utan sjel, og i dag lever heile området. Det var dessutan svært vellykka å blande ungar og vaksne denne fyrste dagen, og såleis involvere heile bygda, meinte Kaasin.

– Me har som mål å gje publikum nokre aha-opplevingar, og få dei til å kjenne seg heime samtidig som dei opplever noko heilt nytt.

Han fortalte at det er lett å få artistar til å spele på festivalen.

– Frida Ånnevik reagerte med jubelrop i telefonen då me ringte for å spørje henne. Ho hadde høyrt frå jentene i Phone Joan, som spela her i fjor, at det å spele her var heilt spesielt. Så det er tydeleg at mange reklamerar for oss innanfor musikarmiljøet, konstaterte ein nøgd arrangør.

– Alt me gjer her er på dugnad, og målet vårt er berre å gå i null. Så alt snakket om at festivalar utnyttar frivillige synest eg ikkje noko om, avslutta Kaasin, som kunne rapportere om 350 festivalgjester på opningsdagen.

Nøgd arrangør: *Eivind Kaasin i arrangementskomiteen meiner stemninga er noko av det som er unikt med festivalen dei lagar til på den nedlagte bensinstasjonen i Bøgrend.*

Høyrd på autofest

– De får berre vente litt, her var det så mykje leidningar og drit.

Jonas Alaska slit med teknikken.

– No skal eg ta den songen eg eigentleg hadde tenkt å starte med. Det er ikkje så rart eg blanda, dei to er jo klin like.

Jonas Alaska hadde gløymt settlista si.

– Kva? Heiter ho Bokskap?

Festivalgjengar med lite kjennskap til landskappleikvinnar Unni Boksasp.

To forskjellige toppar

Sigmund Nærum i Fyresdal viser til omtala av kommuneturen i Fyresdal, «Tur til Napuren, Fyresdals høgste fjell», i VTB torsdag. Frå turleiar Jon Ingebretsen var det opplyst at «...Napuren, også kalla Fjukopp, er den høgste ...».

– Napuren og Fjukopp er to forskjellige toppar. Fjukopp (1231 moh) ligg i Tokke kommune, ca ein km aust for Napuren. Napuren (1284 moh) ligg på grensa mellom Valle, Tokke og Fyresdal kommunar, presiserer Nærum, og viser til tilgjengeleg kart frå Statens kartverk.

15 brannutrykkingar

Tal frå årsmeldinga til Fyresdal kommune viser at det var 15 brannutrykkingar i fjor. Vidare blei det gjennomført feiing av piper og tilsyn i 350 hus.

Sjarmerande songfugl: *Ingebjørg Harman Bratland si stemme rører ved det inste i sjela. Neste år planlegg ho plateutgjeving.*

Heime hjå sine eigne

Ingebjørg Harman Bratland er på veg til å bli ein nasjonal yndling. Men det er noko spesielt med å vere heime.

VTB Randi Berdal Hagen
randi@vtb.no

– Det er skummelt å syngje for sine eigne, men ein veit jo samstundes at dei ynskjer deg det beste, seier ei audmjuk Ingebjørg.

I løpet av dei siste vekene har det skjedd mykje rundt henne. Heile Noreg sat med tårer i augo då ho framførte «Til ungdommen» under minnekonserten i domkyrkja Oslo, heilt åleine og utan musikk.

– Det var utruleg sterkt. Mot slutten kikka eg mot benkane der mange av dei overlevande AUF-arane sat, og då såg eg ei hand som lyfte ei rose. Så kom ei til. Då måtte eg berre kikke rett inn i det raude ljoset i kameraet for å klare å halde meg. Tårene rann då eg gjekk av scena, fortel ho.

Under konserten i Bøgrend hadde ho vald andre songar, og publikum viste at dei sette pris på kvar einaste ein av dei.

– Eg kjem ikkje til å synge «Til Ungdommen» att på ei beite. Det er greitt å gjere litt andre ting no, at folk skal få litt andre ting å tenkje på, samtidig som ein sjølvsagt skal minnast det som har hendt.

Elles er det ikkje mykje ein ser Harman Bratland på scena om dagen. Ho planlegg å gje ut plate neste år.

– Eg må halde litt att fram til det. Men eg kan nesten garantere at plata kjem i 2012, smiler ho.

Heilt vekk frå scena er ho likevel ikkje. I det siste har ho arbeidd med eit bestillingsverk til Olavsfestdagane i Trondheim saman med mellom andre Espen Lind, der dei har sett nye melodiar til gamle salmetekstar. Verket hadde urpremière i Trondheim førre fredag, og kanskje får ein sjansen til å få det med seg ved eit seinare høve.

– Eg har lyst til å gjere det att, eg synest det blei veldig bra, slår ho fast.

Dermed er det kanskje mogleg å få høyre ei av Noregs vakraste stemmer i nær framtid, sjølv om ein må vente endå litt lenger på albumutgjevinga.

Nytt austantil ...

Vegen heim

Polske arbeidarar i Noreg som bur i nærleiken av den polsk-tyske grensa so på lag halvvegas sudtil, dei tek like radt fly til Berlin, set seg i bilen der og kan bruke ned til ein time på å køyre inn i heimlandet. Lenger er det ikkje. Den nærmaste polske lufthamni i denne luten av Polen vert ved storbyen Poznan, men derifrå og til grensa er det tvo timars bilkøyring.

Den polsk-tyske grensa fylgjer i våre dagar elvane Odra (tysk Oder) og Nysa (tysk Neisse) frå Austersjøen og til den tsjekkiske grensa. Dit vart grensa flutt av dei tre store sigersmaktene etter andre heimskrigen ved dryftingane i Potsdam ved Berlin i juli–august 1945. Fyre krigen gjekk grensa munaleg lenger aust. Frå Sambandsstatane hadde president Harry S. Truman kome til Potsdam, frå Storbritannia statsminister Winston Churchhill og frå Sovjetsamveldet leidaren Josef Stalin. Tidlegare hadde dei same sigersmaktene avgjort at ogso den polske austgrensa skulde flytjast dugeleg mot vest. Slik vart heile Polen rykt vestetter. Men storkarane i Potsdam tala nok ikkje mykje um all den sorg og sakn og liding hjå tyskarar i vest og polakkar i aust som laut brjote upp frå eller vart jaga frå heimane sine på grunn av dei nye grensone. Heller ikkje kunde dei sjå fyre seg at no med opnare grensor i Europa, vart Berlin liggjande so nær den polsk-tyske grensa at hovudstaden i Tyskland hev vorte ein del av heimvegen for sume polakkar.

Arne Horge

SOMMARGJESTEN

Namn: Sigrid Lauvik Lyngdal
Alder: 17 år
Yrke: Student
Bur: På Lauvik, Tokke.

Kva er ditt beste sommarminne?
Det må vere somrane i Grimstad med familie og vener, og dei gongene eg har vore med på Norway Cup.

Om du skulle gå på ein topp/eit fjell i Vest-Telemark, kva topp hadde det blitt?
Eg må vel nesten seie Lauviktoppen.

Kva er det raraste uttrykket frå Vest-Telemark?
Har me eigentleg nokon rare uttrykk?

Du skal arrangere ein konsert i heim-kommunen din, kva for artist/band inviterar du?
Då inviterar eg Rihanna til Lauvikøya.

Kva saknar du i Vest-Telemark/ heimkommunen din?
Større fotball- og skimiljø for ungdomen.

I høve til kommunevalet til hausten, kva er hjartesaka di?
Det må vere å behalde den vidaregåande skulen for å behalde ungdomane.

Om VTB skal skrive om livet ditt, kva ville overskrifta blitt?
Odelsjenta som ikkje likar dyr!

Kva serverar du på ein varm sommardag?
Nyplukka jordbær og is.

Kva vil du bli spurt om?
Kva er du mest redd for?

Kva svarar du?
Frisøren ...

Stein Olav Lie

Mulig overskudd

Cirka 1000 mennesker valgte å avlegge Bøgrend autofest et besøk. Dette er 300- 400 flere besøkende enn i fjor.

- Vi er veldig fornøyd. Vi var veldig lettet da folk kom på lørdag. Forhåndssalget var bra, men vi var usikre på om vi kom til å selge ut dagen, sier Eivind Kaasin.

Ekstra gledelig var det derfor at hele 400 festivalgjester valgte å ta turen lørdag. Dette representerer også det øvre taket for hva festivalen har tillatt av gjester inne på festivalområdet.

- Det er litt tidlig å snakke om økonomi, men jeg tror vi kommer til å gå i balanse. Dette er også målsetningen. Mulig det også blir et lite overskudd, sier Kaasin.

■■ KIRSTI CARR

OVERSKUDD: *- Vi er ikke opptatt av musikkgenre, men kvaliteten på musikken, sier Eivind Kaasin. Bøgrend autofest ble en suksess. I bakgrunnen maler festivalgjengerne på festivalbilen, festens eget kunstprosjekt.*

Partybingo

på Bøgrend autofest

BINGOVINNER: *Marianne Tveito Damberg var heldig vinner av en av bingorunde.*

Det var høy stemning da den selverklærte «Bingokongen» ledet «Bøgrend autobingo» i helga.

Rosa ball! Skål! Og lystige toner spilt av «bingobandet» fikk du også. Det var duket for en svært så utradisjonell bingorunde på festivalen Bøgrend autofest lørdag. Når du velger å gå på bingo, så tror du kanskje at du vet hva du får? Ikke i dette tilfelle.

SPESIELLE REGLER

Grunnreglene i det gamle spillet, med like rader, var beholdt i sin helhet. Her stopper da også likheten mellom den tradisjonell bingoen og «Bøgrend autobingo».Trommelen med fargede, nummererte baller ble til stadighet avbrutt av en bingovert som sang, gjøglet og fortalte vitser. Det er da også helt spesielle regler som gjelder når «bingokongen» har regime. Hvis to eller flere hadde bingo, ble det duell. En «sjokkmaskin», ble benyttet til å kåre den endelige vinneren. For publikum var det ikke vanskelig å få med seg hvem vinneren var. Taperen fikk nemlig elektrosjokk.

TULLER MED GENREN

Det var nydelig sommervær i Bøgrend lørdag. Dette stoppet imidlertid ikke spillelystne fra å dukke hodet inn under teltduken for å være med på moroa. Teltet fylte seg raskt opp, og etter hvert ble også området utenfor teltet fylt opp av mennesker.

- Morsomt! Dette har jeg aldri vært med på tidligere. «Bingokongen» tuller med genren. Det blir en overspilt situasjon. Vanligvis forbinder jeg bingo med damer som «nirøyker», sier Håvard Hannaberg fra Oslo.

Også Marianne Tveito Damberg fra Åmot trivdes på den utradisjonelle bingoen.

- Jeg var her i fjor også. Veldig bra. Stemningsskapende, sier hun.

VARIERT MUSIKK

Festivalen går under slagordet «Musikk du ikke visste du likte, på et sted der du ikke visste du kom til å trives». I likhet med fjoråret, var det svært så variert musikk som sto på programmet.

